

RIKSANTIKVAREN
Postboks 8196 DEP
0034 OSLODato: 24.01.2018
Vår ref.: 2017/17981-3
Saksbehandlar: solrong
Dykkar ref.:

Søknad om tilskot under Statsbudsjettet kap. 1429, post 70 - Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK) - Hordaland 2018

Me viser til dykkar e-post av 22.12.2017 med orientering om utlysning av midlar frå Bevaringsprogram for utvalgte arkeologiske kulturminne (BARK). Me viser òg til avtale om utsett frist for søknad grunna politisk handsaming av innkomne søknader.

For 2018 søker Hordaland fylkeskommune om tilskot til følgjande prosjekt:

Prosjekt	ID	Mål	Kommune	Kostnad	Omsøkt tilskot
Steinalderstien	66703 m.fl	Fjerning av skog og prosjektering	Austrheim kommune	584.000,-	292.000,-
Skaganeset	97070 m.fl	Vidareføring av tilretteleggingsprosjekt	Sund kommune	220.000,-	50.000,-
Munkarøysi	55574	Skilting og merking av gravrøys i samband med tursti	Granvin herad	35.100,-	11.250,-
SUM				839.100,-	353.250,-

BARK i Hordaland fylkeskommune

BARK-søknadene for Hordaland fylkeskommune i 2018 vart politisk handsama i Utval for Kultur, Idrett og Regional utvikling i politisk møte 23.01.2018, PS 6/2018. Innkomne BARK-søknader til Hordaland fylkeskommune vart på møtet handsama for å avgjera kva søknader som skulle sendast vidare til Riksantikvaren og med kva prioritering. Saksframlegg og protokoll ligg vedlagt dette dokumentet.

Søknader 2018

For informasjon om søknadene viser me til vedlagte skjema og vedlagt informasjon om prosjekta.

Prioritering av søknader

Alle dei innkomne søknadene om BARK-midlar for 2018 er høgt prioriterte for Hordaland fylkeskommune. Prosjekta er godt fordelt geografisk og tematisk, og er knytt opp mot andre tema, som til dømes friluftsliv. Utval for Kultur, Idrett og Regional utvikling har i sak PS 6/2018 vedteke å senda alle innkomne søknader vidare til Riksantikvaren med følgjande prioritering:

1. Steinalderstien, Austrheim kommune
2. Prosjekta Skaganeset, Sund kommune og Munkarøysi, Granvin herad, er likestilt prioritert.

Då Steinalderstien er fyrtårnprosjekt for Hordaland og har sterke kvalitetar innan universell utforming er dette prosjektet sett som fyrste prioritet.

Oppfølging av søknadene

Hordaland fylkeskommune vil utarbeida skjøtselsplan for alle prosjekt som får tilsegn om midlar til skjøtsel og fysisk tilrettelegging av kulturminne. Alle prosjekt skal gjennomførast i samråd med fylkeskommunen, som i tillegg til å leggja føringar for skjøtsel gjennom skjøtselsplan mellom anna vil kvalitetssikra informasjonsskilt og avklara skiltplassing, samt sikra at alle tiltak er avklart i høve til kulturminnelova. I 2018 som i 2017 ser me at talet på innkomne søknader har gått ned i høve til dei fyrste åra etter at fylkeskommunen innførte ordninga med ekstern utlysing av BARK. Dette er ei naturleg utvikling då fleire av dei prosjekta som lenge har vore ynskt i lokalsamfunna no er ferdigstilte eller under arbeid. Me ventar at søknadspresset no vil stabilisera seg på dette nivået. Hordaland fylkeskommune vil i tillegg til nye prosjekt fokusera på opprusting av eldre tilretteleggingar som no er slitt. Fylkeskommunen vil i 2018 òg byrja på ein gjennomgang av eldre tilretteleggingsprosjekt som no gjerne er slitt eller har uklåre ansvarstilhøve med sikte på å rusta opp desse prosjekta.

Ta kontakt dersom de ynskjer ytterlegare informasjon om prosjekta.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Saksframlegg politisk sak om BARK søknader for Hordaland 2018
- 2 Protokoll politisk møte om handsaming av søknader om BARK
- 3 Munkarøysi_Granvin_Hordaland_Søknad_BARK_2018
- 4 Steinalderstien_Austrheim_Hordaland_Søknad_BARK_2018
- 5 Skaganeset_Sund_Hordaland_Søknad_BARK_2018
- 6 Vedlegg til politisk sak om BARK søknader 2018 - Skildring av prosjekta
- 7 Søknad Munkarøysi Granvin_Hordaland_2018_Nytt budsjett lagt til
- 8 Søknad Skaganeset Sund_Hordaland_2018_Nytt budsjett lagt til
- 9 Søknad Steinalderstien Austrheim_Hordaland_2018_Nytt budsjett lagt til
- 1 Søknad_BARK_Hordaland_2018_Projektskildring
- 0